



Magnar Askeland
Rosslandsvegen 293
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2912 - 19/4934

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
01.03.2019

Godkjenning av søknad om utsett frist til jordpåfylling og planering Gbnr.22/4 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 49/2019

Saksutgreiing:

Magnar Askeland søkjar i e-post dagsett 26.02.2019 og utsett frist på løyve til jordpåfylling og planering på Gbnr. 22/4. Det vert søkt om utviding av fristen til 01.09.2020. Magnar Askeland fekk 18.12.2017 løyve til å fylla på jord og planera eit areal på ca. 6 daa på Gbnr. 22/4. Formålet med tiltaket var forbetring av eksisterande jordbruksareal og opparbeiding av nytt areal. Det vart stilt vilkår om at tiltaket skulle gjennomførast innan 01.01.2019.

Bakgrunnen for søknaden om utsett frist er at tiltaket har teke noko lenger tid enn planlagt og at ein ikkje har fått nok massar til å ferdigstillare arealet.

Vurdering:

Tiltaket er i gang, og det er tilførst massar som nyttast til arbeidet. Søkjar opplyser at det er trong for litt meir tid og massar for å ferdigstillare jordpåfyllinga. Planen er at tiltaket er ferdigstilt og ferdig tilsådd til 1. september 2020. Søkjar opplyser vidare at størsteparten av arealet vil bli tilsådd i løpet av sumaren 2019 om det er høveleg ver.

Administrasjonen meiner det er viktig at tiltaket vert ferdigstilt på ein god måte som gjer god jordbruksareal for framtida. Det er difor viktig å få nok massar av riktig type for ferdigstilling av arealet. Administrasjonen ser at tidsrommet løyve har vore gitt for kan vere litt kort for ferdigstilling sjølv om arealet ikkje er så stort. Administrasjonen er likevel oppteken av at areal som tek i mot jordmassar skal ferdigstillast så snart som det lar seg gjere. Administrasjonen meiner at arealet som det her gjeld er godt i

gang. Vidare legg administrasjonen vekt på at det er planlagt at store delar av arealet skal såast til i år dersom veret er høveleg.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje utsatt frist for ferdigstilling som omsøkt. Bakgrunnen for dette er at arbeidet er godt i gang, og at det er viktig at det vert fullført på ein god måte. Vidare er det trong for litt meir masser for ferdigstilling. Det er også lagt til grunn at delar skal alt såast til i 2019 ved høveleg ver. Eit løyve til utvida frist vil ikkje gje endringar andre vilkår stilt i løyve i administrativt vedtak saknr. 362/2017.

Vedtak

«Meland kommune gjev utvida frist som omsøkt for ferdigstilling av jordpåfylling og planering av areal på Gbnr. 22/4. Tiltaket skal gjennomførast innan 01.09.2020. Løyve til utvida frist gjer ikkje endring av andre vilkår stilt i løyve til jordpåfylling og planering i administrativt vedtak saknr. 362/2017.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering.

Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4,4-5, 4-6 og 4-8.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 5918

FREKHAUG

